



Bente understreka teamarbeidet og det gode samarbeidet med Gunn Mari og Kjersti då ho heldt føredrag for SPAR-folk frå 40 land.

I førre veka vart den internasjonale SPAR-kongressen arrangert der 300 utsendingar frå 40 land møttest. Første del føregjekk i Bergen, medan dei torsdag forflytta seg til Hotel Ullensvang og hadde siste del der. Dagleg leiar ved SPAR Uskedalen, Bente L. Nilsen, deltok på kongressen, og ho heldt føredrag for den store og internasjonale forsamlinga.

Det var ei svært stor oppgåve Bente hadde då ho heldt føredrag som ein av to norske kjøpmenn. Temaet var historia til SPAR Uskedalen, og korleis dei er komne der dei er i dag. Det fortel litt om storleiken og mangfaldet på konferansen når Bente fortel at dei ønskte føredraget på norsk, og det vart tolka til 4-5 ulike språk. Deltakarane hadde nemleg ikkje noko felles språk då det t.d. var mange som ikkje kunne engelsk.

Då vi snakka med Bente, kunne ho fortelja at ho brukte om lag 1/3 av tida på historia til butikken, og 2/3 på å fortelja korleis dei jobbar i butikken, i nærmiljøet og i høve til lag og organisasjonar. Heile tida vart det ho sa understreka av ein biletpresentasjon, og på den vart også den vakre bygda og naturen rundt oss presentert. Også den nye SPAR Uskedalen filmen som no har over 10000 visningar vart vist. [Filmen kan de klikka inn og sjå her.](#)

Bente starta naturleg nok med oppstarten til Mandius og Martha Myklebust for 100 år sidan i gamlehuset. Ho stoppa også opp ved eigarskiftet for 25 år sidan då ho overtok butikken saman med Gunn Mari Moberg og Kjersti N. Børve etter Hjørdis og Harald Nilsen. Ho meiner alt som dei tre har fått til saman med det flotte tilsette, starta med eit suksessfullt eigarskifte. Den støtta den nye eigartrioen opplevde frå Harald og Hjørdis, var av uvurderleg betydning.

- Dei har heia på oss, rettleia oss, rosa oss og var glade for det vi fekk til frå dag ein, og etter Harald fall frå, har Hjørdis fortsett med dette, fortel Bente rosande om svigerforeldra. Det er tydeleg at ho har i tankane at slike

eigarskifte ikkje alltid treng vera enkle. Det er ikkje alltid dei går smertefritt. Her hjalp det til suksessen.

I føredraget var det også svært viktig for Bente å understreka det gode teamarbeidet på jobben. Her var det gode ord om samarbeidet med dei to medeigarane og svigerinnene Gunn Mari og Kjersti, og dei fantastiske medarbeidarane i butikken.

- Eg brukte faktisk mest tid på å fortelja om kor fantastiske folk vi har i jobb. Viktigast av alt er å ha flotte tilsette, understrekar ho og legg til at også hadde rosande ord om kundande, og bygda elles.

- Eg passa på å presentera bygda på ein god måte med bilde og ord, og dette vart verkeleg understreka på båtturen frå Bergen til Hardanger i det nydelege veret på torsdagen, seier ho og legg til. På den turen vart dei også møtt med SPAR-flagg på Skorpo [slik vi tidlegare har skrive om](#).

- Biletserien med dei flotte bileta frå Uskedalen rulla og gjekk på veggen elles på konferansen og. Eg må sei det var spesielt å sitja saman med folk frå 40 land å sjå opp på dei. Det skapte stolthetsfølelse, avsluttar Bente. Ho har ikkje berre presentert SPAR Uskedalen, men heile bygda for den store verda!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Atle Helland.